

## ÅRSMELDING FOR KVITSEID KOMMUNE 2006

### Innholdsliste:

1.	Innleiing .....	2
2.	Nokre kjenneteikn og utviklingstrekk.....	2
2.1	Innbyggjarar .....	2
2.2	Sjukefråvær .....	3
2.3	Likestilling .....	3
3.	Nokre einskildpunkt frå 2006 .....	3
3.1	Talet på saker i ulike organ .....	3
3.2	Nokre hovudpunkt for 2006.....	4
4.	Rekneskapen og den økonomiske situasjonen .....	6
4.1	Dei generelle inntektene .....	6
4.2	Litt generelt om driftsutgiftene .....	6
4.3	Dei sektoruavhengige utgiftene .....	7
4.4	Sektor for oppvekst og omsorg .....	8
4.5	Sektor for service og utvikling.....	8
5.	Investeringsrekneskapen .....	9
6.	Nokre økonomiske nøkkeltall .....	11
6.1	Brutto driftsresultatet .....	11
6.2	Netto driftsresultat .....	11
6.3	Fondsbeholdninga .....	12
6.4	Likviditet.....	12
6.5	Gjeld.....	13
7.	Plan i høve til ROBEK.....	14
8.	Næringsfondet.....	15
9.	KOSTRA samanlikningar .....	17

### VEDLEGG:

**Lokale tabellar for rekneskapen samanlikna med vedteke budsjett for 2007**

## 1. Innleiing


Årsmeldinga for 2006 er laga etter same lest som i fjor, men er enda meir fokusert rundt å forklare rekneskapen. Målgruppa er ”intern”, dvs politikarane og dei tilsette.

At Kviteseid er ein ROBEK-kommune (”sett under administrasjon”) gjer at svært mykje av arbeidet er knytt til kostnadsreduksjonar og gjenoppretting av ein økonomisk handlefridom.

## 2. Nokre kjenneteikn og utviklingstrekk

### 2.1 Innbyggjarar

Fig 1 syner talet på innbyggjarar 1.januar i perioden 1984 til 2007.



Tilbakegangen i denne perioden utgjer i alt 431 personar eller vel 14 %.

Frå 1.1 2006 til 1.1 2007 gjekk folketalet ned frå 2 575 til 2 542, dvs 33 personar eller 1,3%. Vi må tilbake til 1995 for å finne ein større nedgang.

Folketalet går ned dels som fylgje av netto fødselsunderskot (fleire dør enn det blir fødte) og dels netto utflytting. I 2006 var fødselsunderskotet 11 (19 fødte og 30 døde). 103 personar flytte inn og 127 flytte ut. Nedgangen i folketalet skjedde nokså einsidig i den yrkesaktive alderen.

Siste år med fødselsoverskot var 1997. Siste år med netto innflytting var 2001. Alle kommunar i Vest – Telemark, med unntak av Seljord hadde befolkningsstilbakegang i 2006.

Tabell 1 syner folketalet inndelt i ulike aldersgrupper 1.1 2007. Dei er samanstilte med prosentfordelinga i heile landet.

<b>1.1.2007</b>		Andel av total i Kviteseid	Andel av total i landet
<b>Innb. 0-5 år</b>	146	5,7 %	7,4 %
<b>Innb. 6-15 år</b>	313	12,3 %	13,3 %
<b>Innb. 16-66 år</b>	1 622	63,8 %	66,3 %
<b>Innb. 67-79 år</b>	282	11,1 %	8,4 %
<b>Innb. 80-89 år</b>	152	6,0 %	4,0 %
<b>Innb. o/90 år</b>	27	1,1 %	0,7 %
<b>Totalt</b>	<b>2 542</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>

Det går fram at i dei eldste aldersgruppene er det ca 50% fleir, medan det er færre i dei yngste aldersgruppene.

## 2.2 Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet (dvs legemeldt + eigenmeldingar) i Kviteseid kommune var i 2006 4,7%, medan det var 5,7 % i 2005. Fråværet gjekk med andre ord ned med vel 17%, noko vi må seie oss sær sars nøgd med.

Trygdestatistikk syner at det legemeldte fråværet i Kviteseid gjekk ned frå 5,6% til 2,4% når ein samanliknar 3. kvartal 2006 med tilsvarende periode i 2005. Gjennomsnittet for kommunal forvaltning i heile landet var til samanlikning 7,5%. Sjukefråværet er dermed heilt spesielt lågt i Kviteseid kommune.

Eit anna uttrykk for at sjukefråværet er lågare er at utbetalt sjukelønsrefusjon frå folketrygda er gått ned frå 3,2 mill kr i 2005 til 2,1 mill kr i 2006.

Det er langtidsfråværet som bidreg tyngst til fråværestalet. Korttidsfråværet, d.v.s. fråvær under 16 dagar ligg, på ca. 1 % totalt.

Kommunen har vore IA-bedrift. (IA=Inkluderande arbeidsliv) sidan 2004 med mål om å få ned sjukefråværet. Arbeidet med oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar er no satt i system mellom anna med kursing. Det er og regelmessige møte mellom trygdekontoret, Arbeidslivssenteret i Telemark, administrasjonen og ein representant for dei tilsette.

## 2.3 Likestilling

I Kviteseid kommune er funksjonen som likestillingsutval lagt til administrasjonsutvalet. Ved val til politiske utval fylgjer vi kravet og 40 % kvinnerepresentasjon. I tilsettingssaker fylgjer vi, så langt det er mogeleg, reglane i HTA kap. 1 § 2.2

## 3. Nokre einskildpunkt frå 2006

### 3.1 Talet på saker i ulike organ

Utviklinga i talet på saker i dei ulike kommunale organa er denne:

	2006	2005	2004
Kommunestyret	46	46	56
Formannskapet	67	84	108
FSK som planutval	61	57	48
Administrasjonsutvalet	2	3	13
Arbeidsmiljøutvalet	4	8	8
Styret for service og utvikling	68	69	72
Fullmaktssaker	53	31	65
Styret for oppvekst og omsorg	25	18	29

### 3.2 Nokre hovudpunkt for 2006

Denne årsmeldinga legg liten vekt på ei omtale av verksemda i året som gjekk. Det er likevel verd å merke seg mange positive hendingar:

- Økonomistaben har teke i bruk moderne økonomiprogram (AGRESSO) for løn og fakturering. For publikum inneber det m.a at kommunale rekningar kan betalast ved e-faktura.
- Seinhausten 2006 kunne den nyinnsette prosten frå Kviteseid vigsle den nyetablerte kyrkjegarden ved Kviteseid kyrkje. Anlegget er svært tenleg der det ligg i grei gangavstand frå kyrkja. MESTA har gjort eit flott arbeid.
- Brunkeberg oppvekstsenter vart teke i bruk frå hausten 2006, med skule 1-4 trinn og ein barnehage med to avdelingar. Barnehagen tok i bruk nytt, fint bygg. Det vart sett i gang eit eige SFO-tilbod. Skuledelen kom med i lærande nettverk, der det vart jobba med å utvikle bruken av IKT.
- Ved legekantoret vart det tilsett to legar i faste stillingar. Begge legane busette seg i Kviteseid med familiar.
- På helsesenteret vart det starta opp helsestasjon for ungdom, med tilbod om rettleiing og råd til ungdom frå m.a. helsesystem, miljøterapeut, jordmor og lege.
- Kviteseid kommune fylgjer opp den nasjonale satsinga i psykiatri med m.a. auke i stillingar, vidareutdanning av tilsette i psykiatri, ymse kurs som t.d. i høve til angst/depresjon og tilskot til førebyggjande tiltak som t.d. Vi Vil Meir-prosjektet ved Kviteseid skule.
- Fjågesund skule deltok i ein trafikksikringskonkurranse for skular i heile landet og vann to fyrstepremiar på til saman kr. 100.000,- Pengane blir nytta til gateljøs for å trygge vegen for mjuke trafikkantar.
- Det er sett i gang eit arbeid på KOS, heimetenestene og Lundenjordet med å innføre nytt databasert pleie- og omsorgsprogram PROFIL.
- På KOS har det stort sett vore fullt belegg gjennom året.
- I heimesjukepleia har i snitt vore på om lag 95 besøk per døgn. Totalt var om lag 130 brukarar av tenesta. Heimesjukepleia tok i bruk seks nye garasjeplassar for leasingbilane. Det frigjer tid frå isskraping til pasientane.
- På Lundenjordet er det starta ein fritidsklubb for bebruarane i nyoppussa kjellarlokale. Dei eldste bebruarane har fått eit betre dagsentertilbod. Ein bustad har stått tom ein stor del av året.
- Ved Straumsnes oppvekstsenter vart opningstida i barnehagen utvida frå fire til fem dagar i veka. Det vart sett i gang eit eige SFO-tilbod. Skulen fekk ei privat gåve med fem bærbar datamaskiner til elevane. Skulen har revidert norskplanen i samband med "Gi rom for lesing", og der er sett i gang eit arbeid med plan for sosial kompetanse saman med PP-tenesta. Streetbasketballbanen vart ferdigstilt. Den har visa seg å vera særst populær.

- I Kviteseid barnehage har språk og kommunikasjon vore hovudsatsingsområde. I tillegg er det lagt vekt på turar og fysisk aktivitet.
- Krodokk skule har vore på tur til Danmark i fire dagar med tilsette og elevar.
- Ved Kviteseid skule vart det tilsett ny rektor. Classfronter vart sett i gang. Classfronter er eit rammeverk, ei kommunikasjonsplattform og eit verktøy for fleksibel og nettbasert læring, der lærarar og elevar kommuniserar med kvarandre, der det vert lagt ut vekeplanar og andre dokument. Elevane kan levere prøver, arbeid med prosjekt og delta i diskusjonar på nettet. Det vart starta eit prosjekt for nynorskopplæring i småskulen. Vi Vil Meir-prosjektet, fysisk aktivitet og måltid i skulen har gjort at Kviteseid skule er utnemnd som modellskule som ein av tre skular i Telemark, og mottok kr. 10.000 i ekstra tilskot frå utdanningsdirektoratet. Det vart innført forbod mot å ha med mobiltelefon på skulen, med positive resultat så langt. I tillegg vart det sett meir fokus på mobbing via internett og mobil.
- På kjøkenet på KOS er det investert i ei ny kjøkenmaskin.
- Kommuneplanen, arealdelen er revidert og vedteke. Likeins er det vedteke fleire reguleringsplanar, m.a for Fossøy i Vrådal. Etter at arbeidet med viktige planar for m.a Kviteseidkrysset og Kviteseid sentrum har ligge nede i fleire år, har kommunestyret vedteke nye reguleringsplanar i 2006. Aktiviteten på plankontoret med oppmåling og byggjesakshandsaming har og vore høg.
- Laurdag 17. juni 2006 i Kviteseidbyen vart det arrangert stort 150 års jubileum for den fyrste husdyrutstillinga der Telemarksyri vart kjent som eigen rase. Rundt 1500 menneske vart samla i Kviteseidbyen i flott vær for å heidre Telemarksyri og for å sjå historisk spel og opning av kunstfenomenet CowParade.
- Bronsekua, laga av Trygve Barstad, vart avduka under jubileet.
- Møteplassen Kviteseid bryggjepark stod ferdig til 150 års jubileet. Delar av pollen er omgjort til ein grøn aktivitetsflate med scene og amfi, og dei badeglade har fått si eiga badebryggje. Møteplassen var særst godt besøkt i sommar noko som skuldast det fine været, men og sjølvstakt fordi han er no innbjudande for fast buande og tilreisande.
- Kviteseid musikkskule gjekk til å bli Kviteseid kulturskule hausten 2006. Målet var å tilby barn og unge eit breiare kulturtilbod/opplæring enn kva musikkskulen tidlegare hadde gjort. Kulturskulen sitt tilbod vart bygd på kartlegging av behov og ynskje hos dei unge. Dette resulterte i at kulturskulen no tilbyr undervisning i fleire musikkinstrument og genre som t.d. gitar og song. Kulturskulen har med suksess arrangert dansekurs for over 60 deltakarar og teateroppsetning med kvalifiserte instruktørar som ansvarlege.
- Ungdommens Kulturmønstring vart arrangert i eit fullsett Sundvang. 2006 var starten på ein ny giv for UKM med heile 10 deltakande grupper innan dans, teater, song og musikk, og biletande kunst.
- Biblioteket har tatt i bruk ein ny versjon av dataprogrammet Aleph, som og vert bruka av dei andre biblioteka i Vest-Telemark. Biblioteksjefen i Kviteseid er koordinator for den lokale tilpassinga av heile basen, og for utviklinga av webtenestene som har fått nye og brukarvenlege funksjonar.
- Morgedalsprosjektet starta opp og kommunestyret vedtok å løyve tilskot til prosjektet over fleire år.
- Kviteseid kommunestyret vedtok å løyve kr. 250.000,- i tre år til Vrådal Turistservice for at destinasjonsselskapet skal kunne jobbe for Vrådal på ein god måte.
- Nye grunnvassbrønner og vassbehandlingsanlegg i Vrådal er teken i bruk anlegget blei komplett med nytt høgdebasseng sommaren 2006. Høgdebassenget er etablert inne i fjellet i området øvre Langto. Bassenget, som er på 2100 m<sup>3</sup>, har ei optimal plassering i forhold til vasstrykk ut til abonnentane.

- Hausten 2006 vart det lagt nye vassleidningar frå Nordbø, over Straumepollen, og opp i området til skisenteret..
- Det er etablert SD (sentral driftskontroll for straumforbruket) på Kviteseid skule. Dette saman med skifte av utgangsdører og nye ljøsarmatur er sentrale element i ei fyrste ENØK satsing i kommunen.
- Moloen/brygga i Vrådal sentrum vart ferdigstilt i sommar.
- Evaluering av Barnevernssamarbeidet har blitt gjennomført.
- Planlegging av eit NAV kontor i Kviteseid i 2008 har starta opp.
- Landbrukskontoret utarbeidde landbruksplan for Kviteseid i 2005, og i 2006 starta arbeidet for Nissedal.

## 4. Rekneskapen og den økonomiske situasjonen

I dette kapitlet blir det kort gjort greie for hovudtrekk i rekneskapen.

Kommunerekneskapen for 2006 syner eit godt resultat. Det var opphavleg budsjettert med eit netto driftsresultat (dvs skilnad mellom inntekter og utgifter) på 3,2% % eller 4,2 mill kr. Korrigerer vi for momskompensasjon frå investeringar (som etter vår økonomiplan skal først over som eigenkapital i investeringane) var budsjettet 2,7% eller 3,5 mill kr. Resultatet blei 7,6% og 10,7 mill kr, målt på denne måten. Noko av dette skal nyttast til sjølvkostfond. Men utover budsjettert inndecking av tidlegare underskot, og avsetning til investeringsprosjekt inneber rekneskapen eit driftsoverskot på ca 3,9 mill kr. Rekneskapen inneber derfor at vi blir utmeld av ROBEK når fylkesmannen har gått gjennom rekneskapen.

### 4.1 Dei generelle inntektene

Dei generelle nettoinntektene blei i den opphavlege budsjetthandsaminga sett til 98,3 mill kr. Etter ei kraftig nedjustering i vår pga redusert rammetilskot, blei dei justert opp att til 98,3 i haust. Det endelege resultat blei 99,3 mill kr. Det positive avviket skuldast i korte trekk:

- Skatteinngangen blei ca 0,8 mill kr høgare enn budsjettert. Skatteveksten (eksklusive selskapsskatt) frå 2005 til 2006 var i Kviteseid 9,8% medan den for kommunane samla var 11,8%. Skatt (inklusive selskapsskatt) per innbyggjar utgjorde 85,1% av landsgjennomsnittet i 2006, samanlikna med 81,7% i 2005.
- Rammetilskotet blei som budsjettert bortsett frå at den høge skatteinngangen i landet ga eit inntektsutjamnande tilskot som er 0,3 mill kr utover det budsjetterte. Pga lågare investeringsnivå blei momskompensasjonen for investeringar vel 0,8 mill lågare enn budsjettert. Dette blir dels motverka av lågare avsetning til investeringsrekneskapen.

Renteinntektene blei ca 0,4 mill høgare enn budsjettert. Samla var det derfor 1,4 mill kr meir til disposisjon for drift. (Jf tab 1 i vårt budsjettoppsett.)

Oversikten og kunnskapen om samanhengar mellom dei ulike elementa i dei generelle inntektene er nå god.

### 4.2 Litt generelt om driftsutgiftene

Dei samla driftsutgiftene (jf lokal tabell 2) var budsjettert til 86,8 mill kr netto, medan resultatet samla blei 84,4 mill kr. Det er lenge sidan rekneskapen ligger på denne sida av budsjettet, og innsparringa er betydeleg. Generelt skuldast det samla gode resultatet:

- At budsjettet for 2006 var eit reelt budsjett

- God gjennomgåande budsjett disiplin
- At vi i 2006 har vore forskåna for svært uheldige hendingar.
- Pensjonsutgiftene (sum KLP og SPK) har bidratt vesentleg til resultatet, i alt ca 1,8 mill kr når ein inkluderer arbeidsgjevaravgift på lågare premie.

Det er ved å merke seg at utbetalt fast løn for 2006 (57,7 mill kr) er lågare enn for 2003 (58,0 mill kr) trass vekst i lønningane i tre år.

Resultatet for kvar eining er synt i denne tabellen (i 1000 kr).

Driftsoversyn per eining	Netto budsjett	Netto rekneskap	Over(-) /under(+) skot	Res i % av netto
Politisk verksemd	2 100	1 872	-228	-10,9 %
Rådmannen	1 680	1 657	-23	-1,4 %
Økonomi og fellesutgifter	8 451	9 151	700	8,3 %
Sektorleiing oppvekst og omsorg	980	929	-51	-5,2 %
Kviteseid omsorgsenter	10 411	9 839	-572	-5,5 %
Heimetenestene	8 757	8 202	-555	-6,3 %
Kjøkken	1 555	1 717	162	10,3 %
Funksjonshemma	7 629	7 090	-539	-7,1 %
Helse	5 888	5 645	-243	-4,1 %
Anna undervisning	3 219	2 994	-225	-7,0 %
Kviteseid skule	14 287	14 074	-213	-1,5 %
Fjågesund skule	1 074	1 071	-3	-0,4 %
Straumsnes oppvekstsenter	3 206	3 101	-105	-3,3 %
Kviteseid barnehage	403	184	-219	-54,3 %
Brunkeberg oppvekstsenter	2 607	2 479	-128	-4,9 %
Næring, kultur og leiing	2 879	2 501	-378	-1,3 %
Sosiale tenester	4 990	4 833	-157	-3,2 %
Landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal	870	756	-114	-13,1 %
Teknisk, brannvern og eigedomsforvaltning	5 858	6 261	403	6,9 %
<b>TOTALT</b>	<b>86 843</b>	<b>84 355</b>	<b>-2 488</b>	<b>-2,9 %</b>

I avsnitta 4.3, 4.4. og 4.5 er det gjevne korte kommentarar.

### **4.3 Dei sektoruavhengige utgiftene**

Dei budsjetterte nettoutgifter var på 12,2 millionar kroner medan resultatet blei på 12,7 mill kr.

Eininga politisk verksemd syner eit overskot 228 000 kr, noko som primært skuldast at driftsutgiftene var noko høgt budsjettert. Med unnatak av 11 000 kr til lønsoppgjjer er reservane disponerte.

Eininga rådmannen syner eit overskot på 23 000 kr. Innsparinga er fordelt på fleire postar.

Eininga økonomi og fellesutgifter har eit formelt underskot på 700 000 kr. Dette skuldast i høg grad eit premieavvik på pensjon med 635 000 kr. Dette er eit av elementa i betalingsordninga for pensjon til KLP/SPK. Samla er innsparinga store, jf tidlegare omtale, gjennom lågare premieinnbetaling via einingane. Dette er derfor meir eit teknisk utslag av at budsjetta ikkje er korrigererte.

#### **4.4 Sektor for oppvekst og omsorg**

Det var budsjettert med 60,0 mill kr. i netto utgifter, medan resultatet blei 57,3 mill kr.

Eininga sektorleing oppvekst og omsorg har eit 51 000 kr. i overskot. Overskotet skuldast lågare utgifter enn budsjettert, av dette 34 000 kr. mindre til KLP og arbeidsgjevaravgift.

Kviteseid omsorgssenter har eit overskot på 572 000 kr. Inntekt frå brukarbetaling var 242 000 kr. høgare enn budsjettert, og utgiftene til KLP og arbeidsgjevaravgift var 415 000 kr. lågare enn budsjettert.

Heimetenestene har eit overskot på 555 000 kr. Overskotet skuldast i hovudsak mindre utgifter enn budsjettert på heimehjelp, og mindre utgifter til KLP og arbeidsgjevaravgift med til saman 321 000 kr.

Kjøkkenet har eit underskot på 162 000 kr. Underskotet skuldast i hovudsak mindre inntekter på sal av mat og høgare vikarutgifter enn budsjettert. Deler av dette kan skrivast tilbake til ei opprydding i momspraktiseringa ved eininga.

Funksjonshemma har eit overskot på 539 000 kr. Overskotet skuldast at det ikkje er leigd inn vikarar fullt ut ved fråvær, og mindre utgifter til KLP og arbeidsgjevaravgift med til saman 230 000 kr.

Helse har eit overskot på 243 000 kr. Overskotet skuldast mindre utgifter til KLP og arbeidsgjevaravgift med til saman 282 000 kr.

Annan undervisning har eit overskot på 225 000 kr. Overskotet skuldast mindre utgifter enn budsjettert, av dette 74 000 kr. mindre til KLP/SPK og arbeidsgjevaravgift.

Kviteseid skule har eit samla overskot på 213 000 kr. Dette skuldast lågare utgifter til SPK/KLP og arbeidsgjevaravgift med til saman 420 000 kr.

Fjågesund skule har eit overskot på 4 000 kr.

Straumsnes oppvekstsenter har eit overskot på 105 000 kr. Overskotet skuldast mindre utgifter enn budsjettert, av dette 36 000 kr. mindre til KLP/SPK og arbeidsgjevaravgift.

Kviteseid barnehage har eit overskot på 219 000 kr. Av dette forklarar mindre utgifter til KLP og arbeidsgjevaravgift 62 000 kr. Elles har den faktiske bemanninga i deler av året vore lågare enn budsjettert.

Brunkeberg oppvekstsenter har eit overskot på 128 000 kr. Overskotet skuldast mindre utgifter enn budsjettert, av dette 81 000 kr. mindre til KLP/SPK og arbeidsgjevaravgift.

#### **4.5 Sektor for service og utvikling**

Det var budsjettert med netto driftsutgifter på 14,6 mill kr noko som og rekneskapen samla viser 14,4.

Næring, kultur og leing har eit overskot på kr. 378.000,-. Dette skuldast stort sett ein innsparing på Kulturskulen på kr. 245.000,-, samt tilskot frå EU til Kviteseid bryggje.

Kulturskulen sparte pengar på siste halvår ved å ikkje tilsette personar fullt ut i stillingane, men heller satse på å ha ressursar til å arrangere kurs og seminar

Sosiale tenester har eit overskot på 157 000. Sjølv om det vart utbetalt kr. 150.000,- meir i sosial stønad enn budsjettert, vart det eit overskot for denne eininga. Eininga hadde kr. 85.000,- i høgare inntekter pga av høgare refusjon frå folketrygda og større avdrag på sosiale lån enn det som var budsjettert. Andre faktorar som medførte til eit overskot var: ingen opphald på krisesenter, alkoholkontrollen har hatt færre kontrollar enn tidlegare år, noko mindre på løn, pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift i faste stillingar pga ledige stillingar i periodar. Vidare var det ei innsparing på barneverntiltak i familien på kr. 85.000,-, men eit meirforbruk på barneverntiltak utanom familien på kr. 38.000,-.

Landbrukskontoret for Kviteseid og Nissedal har eit overskot på kr. 114.000,-. Overskotet skuldast i hovudtrekk noko mindre løn i faste stillingar og mindre utgifter knytt til pensjonspremie i KLP. Landbrukskontoret har hatt mindre innkjøp av kontorutgifter (innsparing på 27.000,-) enn budsjettert. I tillegg var tilskotet frå Nissedal 38.000,- meir enn budsjettert.

Teknisk, brannvern og eigedomsforvaltning har eit formelt underskot på kr. 403.000,- Reinhold bidreg i positiv retning med vel 0,2 mill kr, dels som fylgje av lågare pensjonsutgifter. Likså gav høg aktivitet ved plankontoret eit resultat som var vel 0,2 mill kr betre enn budsjettert. I negativ lei trekker:

- Vassverket i Vrådal blei 1 mill kr rimelegare enn budsjettert og slutføring noko seinare på året enn det som var lagt inn i budsjetteringa av sjølvkost. Dette bidreg til lågare kapitalutgifter i 2007 og dermed mindre bruk av sjølvkostfondet enn lagt til grunn. Effekten utgjer vel 0,2 mill kr.
- Vegvedlikehald 0,2 mill m.a som fylgje av utgifter til strøying og vedlikehald av ein gamal traktor.
- Brann med snaut 0,2 mill kr som fylgje av driftsutgifter og underbudsjetterte godtgjeringsordningar.
- Straumutgifter med 0,15 mill kr, jf høg straumpris hausten 2006
- Avsetning til sjølvkostfond under renovasjon med innpå 0,15 mill kr.

## 5. Investeringsrekneskapan

Hovudtrekka i investeringsrekneskapan er synt i tabellen under. Investeringsbudsjettet blei justert i desember slik at dei reelle avvika er små.

Budsjettet for 2006 la opp til eit finansieringsbehov på 20,4 mill kr på bakgrunn av budsjetterte investeringar på 18,6 mill kr. Rekneskapan er gjort opp i balanse og syner eit finansieringsbehov på 16,7 mill kr basert på investeringar på 15,0 mill kr.

Den reduserte samla finansieringstrongen skuldast at snaut 3,7 mill kr av investeringane er overført til 2007, jf tabellen under.

<b>INVESTERINGAR (i 1 000 kr)</b>	<b>Revidert</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Overført</b>
	<b>2006</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>
<b>A UTGIFTER</b>			
IT	350	20	330
Pcar frå Telenor		143	
Barnehagedel av Brunkeberg oppvekstsenter	3 374	2 920	454
Brunkeberg oppvekst skuleavd	484	484	0
ENØK	860	300	560
PCB lysarmatur kommunale bygg	53	51	
Opprusting skuleplass, Straumsnes	58	58	
Sentrumsplan	1 675	1 412	263
Prestebustad	1 500	0	1 500
Monument i sentrum (kyri)	463	464	
Grunnvatn i Vrådal	7 712	7 651	0
Vassledning Skisenteret, Vrådal	2 050	1 500	550
<b>SUM INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR</b>	<b>18 579</b>	<b>15 003</b>	<b>3 657</b>
<i>Avdrag på startlån</i>	400	377	
<i>Eigenkapitalinnskot i KLP</i>	372	373	
<i>Utlån av startlån</i>	1 000	910	
<i>Avsetningar til kapitalfond</i>			
<b>SUM FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>20 351</b>	<b>16 663</b>	<b>3 657</b>
<b>B FINANSIERING:</b>			
Bruk av lånemidlar (nye lån)	0		
Unytta lånemidlar	-10 314	-9 492	-762
Tilskot frå fylkeskommunen, Kviteseid sentrum	-700	-700	
Bidrag frå andre Kviteseid sentrum	-166	-40	-126
Bidrag fra andre monument (kyri)	-90	-90	
Tilskot Straumsnes	-39	-39	
ENØK-tilskot ENNOVA	-90	0	-90
Tilskot frå Telenor pcar		-143	
Bruk av startlån frå Husbanken	-1 000	-910	
Motteke avdrag på startlån	-400	-288	
<b>B1. SUM EKSTERN FINANSIERING</b>	<b>-12 799</b>	<b>-11 701</b>	<b>-978</b>
Overført frå driftsrekneskapen (momskompensasjon)	-1 030	-1 002	-27
Overført frå drifta (anna)	-2 262	-432	
Bruk av næringsfond Kviteseid sentrum	-239	-102	-137
Bruk av Næringsfond, investeringar Vrådal	-500	-500	
Bruk av næringsfond monument	-273	-273	
Intern finansiering sentrumsplan	-235	-235	
Bruk av disposisjonsfond prestebustad og IT			-1 830
Intern finansiering Monument	-59	-59	
Bruk av bunde investeringsfond		-84	
Bruk av Kapitalfond	-2 954	-2 275	-685
<b>B2 SUM BRUK AV AVSETNINGAR</b>	<b>-7 552</b>	<b>-4 961</b>	<b>-2 679</b>
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>-20 351</b>	<b>-16 663</b>	<b>-3 657</b>

## 6. Nokre økonomiske nøkkeltall

### 6.1 Brutto driftsresultatet

Brutto driftsresultatet fortel kor stor del av driftsinntektene som er att til å dekkje utgifter til renter og avdrag, fondsavsetningar og til finansiering av investeringar, etter at dei ordinære driftsutgiftene og avskrivningane er dekt.

	Rekneskap 2006	Rekneskap 2005	Rekneskap 2004	Rekneskap 2003	Rekneskap 2002
Driftsinntekter	142 956	129 011	124 573	122 489	118 268
Brutto driftsresultat	12 740	5 815	2 582	2 021	-360
<b>BDR i % av inntekter</b>	8,9 %	4,8 %	2,1 %	1,7 %	-0,3 %

Brutto driftsresultatet har vist ein svært god utvikling sidan 2002.

### 6.2 Netto driftsresultat


Netto driftsresultatet er likevel den beste måten å måle tilstanden i kommuneøkonomien på, og gjev det eigentlege over-/underskotet av drifta. Netto driftsresultatet fortel kva som er att til investeringar og avsetningar etter at dei ordinære driftsutgiftene, renter og avdrag på lån er dekt, og seier noko om kommunen si evne til å gjennomføre investeringar og nye driftstiltak. Netto driftsresultat er det same som resultat før årsoppgjersdisposisjonar i private bedrifter.

	2006	2005	2004	2003	2002	2001
Driftsinntekter	<b>142 956</b>	129 011	124 573	122 489	118 268	107 685
Netto driftsresultat	<b>11 726</b>	6 184	2 572	-712	-3 863	-4 501
NDR i % av driftsinntektene	<b>8,2 %</b>	4,8%	2,1 %	-0,6 %	-3,3 %	-4,2 %

Netto driftsresultatet for 2006 – 11,7 millionar kroner eller 8,2% av driftsinntektene – utgjer er ei stor auke. Vi må likevel ta omsyn til at vi frå driftsresultatet må gjere bundne avsetningar på ca 1 mill kr, som fylgje av høge avgiftsinntekter.

Det nominelle driftsresultatet, slik det kjem fram over er påverka av investeringsnivået, ettersom momskompensasjon i investeringar blir ført som driftsinntekt. Som mål i vår eiga økonomiske plan har vi derfor halde denne utanom når vi har som mål å ha eit korrigert netto driftsresultat på 3%.

Figuren under syner utviklinga over tid når vi trekker ut momskompensasjonen.



### 6.3 Fondsbeholdninga

Kommunane sine fond vert delt i fire hovudgrupper.

1. Disposisjonsfond som kan nyttast til alle føremål.
2. Bundne driftsfond som berre kan brukast til øyremerkte føremål på driftssida.
3. Ubundne investeringsfond som kan nyttast fritt, men berre til investeringar.
4. Bundne investeringsfond som berre kan brukast til bestemte investeringar.

For Kviteseid er stoda ved utløpet av året:

	2006	2005	2004	2003	2002	2001
Disposisjonsfond	1 916	0	0	0	0	94
Bundne driftsfond	10 499	9 348	7 217	6 238	5 709	6 561
Ubundne investeringsfond	4 420	6 870	7 989	8 850	8 899	8 473
Bundne investeringsfond		84	2 748	2 608	2 174	1 982
Sum fond	16 835	16 302	17 954	17 696	16 782	17 110

Fondsbeholdninga aukar noko frå 2005 til 2006. Det er likevel eit klart trekk at fondbeholdninga ikkje er auka frå 2001. Svært mykje av fonda er bunde opp egne føremål. Dei to største fonda er kapitalfondet med ca 4,4 mill kr og næringsfondet sin grunnkapital på snaut 4 mill kr.


### 6.4 Likviditet

Likviditeten fortel noko om kommunane si evne til å svare for sine økonomiske forplikningar. Det er ikkje noko mål i seg sjølv å ha så god likviditet som mogleg, men å ha tilstrekkeleg likviditet til å fange opp differansen mellom utbetalingar og innbetalingar. Målet er – fyrste omgang - at den i alle fall ikkje skal vere negativ.

	2006	2005	2004	2003	2002
Sum omløpsmidlar	35 548	41 592	27 515	26 245	32 082
Ubrukte lånemidlar	1 721	11 124	-341	864	5 090
Inv.fond og bundne driftsfond	14 919	16 302	17 954	17 697	16 782
Netto omløpsmidlar drift	18 908	14 166	9 903	7 684	10 210
Kortsiktig gjeld	15 335	18 742	17 582	16 700	17 987
<b>Arbeidskapitalens driftsdel</b>	<b>3 573</b>	<b>-4 576</b>	<b>-7 679</b>	<b>-9 016</b>	<b>-7 777</b>
Arbeidskap. driftsdel i % av driftsinntekter	2,4 %	-3,5 %	-6,1 %	-7,3 %	-6,6 %

Likviditeten, målt med arbeidskapitalen sin driftsdel, er blitt forbetra gjennom 2006 og er for første gang på mange år er positiv. Den er likevel prega av eit driftsoverskot på 3,9 mill kr som ikkje er disponert. Slik disponering vil skje i samband med godkjenning av rekneskapen. Me har i januar 2007 sagt opp kassakreditt med ei ramme på 6 millionar kroner.

Utviklinga over tid i fonds og arbeidskapitalen sin driftsdel går fram av denne figuren:




## 6.5 Gjeld

Utviklinga i langsiktig gjeld er vist i denne tabellen:

	2006	2005	2004
<i>Pensjonsgjeld 1)</i>	144 455	133 024	120 409
Langsiktige lånegjeld	100 140	103 002	91 790
<b>Total gjeld</b>	<b>244 595</b>	<b>236 026</b>	<b>212 199</b>
Total gjeld per innbyggjar	94 988	90 849	80 930
Lånegjeld per innbyggjar	39 472	39 647	35 008

1) *Pensjonsgjeld er eit forholdsvis nytt omgrep. Det har ein motpost i innestående i KLP. Utviklinga er likevel ein god illustrasjon på kvifor dei årlege pensjonskostnadene på budsjettet stig*

Den totale gjelda på kr 94 988 per innbyggjar er høg. Til samanlikning kan nemnast at gjennomsnittet for landets kommunar var kr 61 263 ved utgangen av 2005. Det tilsvarande talet for Telemark var kr 71 071. Held vi pensjonsgjelda utanfor og ser på lånegjelda var tala for 2005 28 678 kr per innbyggjar i Telemark og kr 19 490 for landet under eit. Jf figur under:



## 7. Plan i høve til ROBEK.

Rekneskapan for 2006 inneber at vi blir skrivne ut av ROBEK registeret når fylkesmannen har godkjent det. Det kan derfor vere grunn til å samanlikne viktige element i den planen vi la hausten 2004 med det som har blive resultatet.

### Status i høve fylkesmannen:

Mål haust 2004	Status
Ut av ROBEK etter 2006	OK
Korrigert Netto driftsresultat på 3%	OK
Budsjettere 1 mill i buffer	OK
Momskomp frå inv skal brukast i investeringar	OK
Kapitalfondet skal til ei kvar tid vere på minst 1 mill + 1,5 til tannklinikk	OK
Redusere bemanning med 15 årsverk på varig basis	17,4
Avgifter på 100% dekning	OK
Arbeidskapitalen sin driftsdel skal snuast frå -8,9 mill kr i 2003 til å vere positiv ved utgangen av 2007	OK i 2006
Ikkje trong for kassakreditt etter 2007	Oppsagd jan 07

## Vi ba om hjelp frå fylkesmannen til:

Å strekke ut nedbetaling av akkumulert underskot til 2006	Det fekk vi
Å kunne få låne til vatn og avløp samt prosjekt som inneber innsparing	Det fekk vi
Noko drahjelp gjennom skjønnsmidlar i overgangstida	Det fekk vi 3 gonger

## 8. Næringsfondet

Det blei utarbeidd nye vedtekter for næringsfondet i 2004. Dei er framleis ikkje godkjent av fylkesmannen. I 2005 er det utarbeidd nærmare utfyllande retningsliner.

Formannskapet vedtok å ”fryse” næringsfondet, dvs ikkje tildele nye tilskot hausten 2006. Dette fordi det var fare for å diponere meir enn vi hadde i inntekter. Disponibel behaldning ved slutten av året er 192 000 kr. Det skuldast primært at to konsesjonærar i Arendalsvassdraget har innbetalt konsesjonsavgifter for 2006 etter NVE sine nye berekningar, og eit noko høgare rentenivå enn lagt til grunn opphavleg. Innbetaling av nye avgifter for året 2006 inneber likevel ikkje at det er skjedd eit etteroppgjer for alle år etter 1987. Dette er framleis eit uløyst spørsmål.

Grunnkapitalen i næringsfondet er 3 990 000 kr.

Denne tabellen syner tilgang og bruk av næringsfondet i 2006:

<b>OVERSYN NÆRINGSFONDET 2006</b>	<b>Vedtak</b>	<b>Revidert</b>	<b>Rekneskap</b>
<b>A INNTEKTER</b>	<b>2006</b>	<b>2006</b>	<b>2006</b>
Konsesjonsavgifter	-1 043	-1 043	-1 178
Sal av konsesjonskraft	-583	-583	-617
Renteinntekter grunnkapital	-80	-80	-131
Kviteseid næringslag (del av tilskot til rutebåten)	-25	-25	0
<b>A Sum årets inntekter i fondet</b>	<b>-1 731</b>	<b>-1 731</b>	<b>-1 926</b>
<b><u>B BRUK AV FONDET</u></b>			
Renter forskottering konsesjonsavgifter	20	20	20
Sektorleiar (ansvar 4301)	200	275	275
Reiseutgifter	15	15	15
<b>B1 Sum eigen verksemd, ansvar 4301</b>	<b>235</b>	<b>310</b>	<b>310</b>
Telemarksvegen	25	25	25
Kviteseid vekst (leige til tannlegeutstyr)	10	10	10
Til tiltaksnemndas disposisjon	10	10	5
Profilering	25	22	7
Interkommunalt næringsfond	90	90	90
<b>B2 Faste beløp med forplikting</b>	<b>160</b>	<b>157</b>	<b>137</b>
Kanalbåten	110	110	110
Kviteseidmarken		5	5
Oppstarttilskot/handslag		15	15
Brosjyre Telemarksreiser budsjetåret	75	75	75
Turistinformasjon, Kviteseid	40	40	40
Turistinformasjon, Vrådal	30	0	0
Destinasjonsselskap i Vrådal	170	250	250
Nordic walking/Vrådal vital	100	50	50
Kanalbåt fylkeskommunen 1)			50
Kviteseid næringslag 1)			75
Kjøp av mjølkekvoter		127	127
<b>B3 Andre tilskot</b>	<b>525</b>	<b>672</b>	<b>797</b>
<b>B2 + B3 = Ansvar 4303 Næring og tiltak</b>	<b>685</b>	<b>829</b>	<b>934</b>
Fotoprojekt		3	3
150 årsjubileum Telemarkskyra, arrangementet	50	50	0
Asfaltering Vrådal		25	25
Ordførarkjede	20	20	20
<b>Sum andre ansvar</b>	<b>70</b>	<b>98</b>	<b>48</b>
Vassverk Vrådal	500	500	500
Monument Kviteseid sentrum	60	273	273
Kviteseid sentrum	239	239	103
<b>C Sum investeringar</b>	<b>799</b>	<b>1 012</b>	<b>876</b>
<b>D DISPONERT</b>	<b>1 719</b>	<b>2 249</b>	<b>2 168</b>

1) vedtaket for disse to prosjekta skjedde i 2005, medan utbetalinga skjedde i 2006

I tillegg er 136 000 kr bunde til ferdigstilling av sentrumsprosjektet i 2007.

## 9. KOSTRA samanlikningar

Kommunane rapporterer vesentlege datamengder til Statistisk sentralbyrå gjennom KOSTRA (KOMMune STAT RAPportering). Dette gjeld så vel økonomiske data som aktivitetsdata. Vedlagt har vi hente ut ein del data for Kviteseid og sett dei saman med gjennomsnittet for landet og fylket, slik vi og gjorde for 2003 tala i årsmeldinga for 2004.

KOSTRAsystemet prøver så langt det er å ”reinske” for ulike rekneskapsføring i kommunane. Korrekte samanlikningar er sjølvsagt avhengig av korrekt innrapportering. Venteleg vil det variere noko mellom kommunane kor stor vekt ein legg på å rubrisere utgifter og inntekter nøyaktig.

Tala gjeld for 2006.

### A. Finansielle nøkkeltal.

Tala syner at Kviteseid nå er i god økonomisk balanse.

### Nøkkeltal fordelt på utgiftsområde.

Grovt sett skil vi oss ikkje vesentleg ut når vi ser på fordelinga av brutto driftsutgifter. Vi ligg høgt på administrasjonsutgifter (slik små kommunar har ein tendens til å gjere.) Likeeins ligg vi lågt når vi ser på pleie og omsorg.

Ser vi nokre nøkkeltal for produktivitet og kostnader får vi fram eit bilete der:

- Vi har relativt rimeleg drift i barnehagane.
- Pleie- og omsorg drivast svært rimeleg per brukar i høve til andre.
- Vi brukar mykje per elev i grunnskulen. Bakgrunnen er små grupper (klasser),
- Vi overfører mykje til kyrkjelege føremål.
- Dei kommunale avgiftene er høge.

### B. Behovsprofil

Kommunen har få barn, men mange gamle i høve til det totale folketalet.

### C Barnehagar

Det er gjennomsnittleg mange ungar i barnehage i Kviteseid, men dei har ei opphaldstid som er kortare enn vanleg.. Utgiftene per barn er låge. Foreldre dekkjer i overkant av det som er vanleg. Kommunen dekkjer noko over gjennomsnittet og staten noko under.

### D. Grunnskuleopplæring

Det høge ressursforbruket i grunnskulen kjem fram når vi ser på utgifter per elev, jf små klasser. Vi ligg nå og høgt på driftsutgifter per elev.

### E Kommnehelse

Vi brukar forholdsvis mykje (brutto) pengar på helse, men dekningsraden for lege- og fysioterapiteneste ligg lågare enn samanlikningskommunane. Tala for 2006 er prega av at vi ikkje hadde full dekning i stillingane våre.

### F Pleie- og omsorg.

Vi brukar mindre enn andre på pleie- og omsorg, særleg når vi tar omsyn til at vi har mange gamle. Hjelpa er i større grad knytt til dei eldste. KOS har lågare driftsutgifter enn det som er vanleg på sjukeheimane. Det er og verdt å merke seg at vi brukar mindre på aktivisering enn andre

**G Sosialtenesta**

Vi brukar mindre enn vanleg på sosiale tenester.

**H Barnevern**

Vi ligg i underkant av gjennomsnittet når det gjeld barn i barnevernet.

**K Kyrkje.**

Vi overfører svært mykje til kyrkja, men året 2006 er spesielt i og med etableringa av ny kyrkjegard i Kviteseid.

Når ei kort samanliknar tala for 2006 med tala for 2003 er det fyrst og fremst opprettinga av den økonomiske ubalansen som er skilnaden. Den relative prioriteringa av område er ikkje vesentleg endra. Det har skjedd ein markert reduksjon i administrasjonsutgifter sidan 2003, bortsett frå for folkevalde der vi har auka frå eit i utgangspunktet høgt nivå. Låg ressursinnsats i eldreomsorga og høg innsats i skule i høve til alderssamansettinga i befolkninga held fram.

## **VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 2006**

### **Lokale tabellar for rekneskapen samanlikna med vedteke budsjett for 2007**

**tab 1 (driftsuavhengige inntekter og utgifter)**

**tab 2 (fordeling av driftsutgifter)**

**tab 5 (investeringar)**